



ÅRSMELDING 2011



La oss gjenvinne meir



Ålesundregionen Interkommunale Miljøsekskap (ÅRIM) har ansvar for innsamling og gjenvinning av avfall for 100 000 menneske i dei tolv kommunane Giske, Haram, Norddal, Sandøy, Skodje, Stordal, Stranda, Sula, Sykkylven, Vestnes, Ørskog og Ålesund. ÅRIM skal vere eit rådgivande organ, kompetansesenter og ein serviceinstans for kommunane. Selskapet legg vekt på ei miljøvennleg drift i alle ledd av avfallsbehandlninga og skal drive eit aktivt informasjonsarbeid for å auke innbyggjarane sin kunnskap og bevisstheit om avfallsreduksjon og miljøvennleg avfallshandtering.

Innhald

Det første miljøloftet er innfridd	s 4
Nytt liv til platen du leverer	s 5
Likt tenestetilbod til alle i Ålesundregionen	s 6
Betre handtering av ressursane	
er avgjerande for framtida	s 8
Visste du at...	s 10
Kva kostar tenestene	
frå ÅRIM og kva inkluderer dei	s 12
Kva oppgaver har kommunane	
framleis ansvar for	s 14
Sjølvkost - det tenesta faktisk kostar	s 15
God eigarstyring gjennom representantskapet	s 16
Årsmelding	s 20
Resultatrekneskap	s 23
Balanse pr 31.12	s 24
Notar	s 25
Revisjonsmelding	s 26
Administrasjonen sin rapport	s 28
Miljørapport	s 30
Kontaktinfo	s 36

Redaksjon: ÅRIM
Layout: ÅRIM / Spirdesign
Foto: Vasco Pinhol
Peder Otto Dybvik
Istockphoto, Loop
Trykk: Kai Hansen trykkeri
Papir, Cocoon Offset,
100% resirkulert.



Det første miljøløftet er innfridd



10. oktober gjekk startskotet for oppstart av plastinnsamling i ÅRIM-kommunane. Samme dag hadde ÅRIM ei offisiell markering av etableringa av selskapet. Det var difor god grunn til å feire både for politikarar som hadde arbeidd for det interkommunale samarbeidet, for representantskap, styre og tilsette i ÅRIM

RENOVASJONSBILAR I KORTESJE

Som opptakt til arrangementet kørde dei nye renovasjonsbilane i ei noko utradisjonell kortesje frå Bingsa til Color Line stadion der opningsarrangementet fann stad. Tretten flunkande nye bilar vart ført av renovatørane frå Norsk Gjenvinning, eit blikkfang som skapte stor merksemd både blant medtrafikkantar og i media.

INTERKOMMUNALT SAMARBEID

Øystein Solevåg opna arrangementet før Odd Løkvik, daglig leiar i ÅRU, fortalte om prosessen med å realisere eit interkommunalt samarbeid, og styreleiar Linda Strand Kjerstad snakka om framdrifta til selskapet.

FRÅ KJØKKENBENK TIL NYTT PLASTPRODUKT

Frå Grønt Punkt Norge kom Kari Lill Ljøstad som la vekt på miljønytta ved å samle inn plast.
- Rundt 24 000 tonn plast vart samla inn blant norske hushaldingar i 2010. 82% av dette vart gjenvunne og blir til nye plastprodukt.

Ljøstad understreka også at vi må sørge for at plasten vi leverer til gjenvinning har god kvalitet. Ho gav ei tydeleg melding om at vi eksporterer råvarer, ikkje "drit".

- Vi må sørge for at plasten er rein og tørr slik at kvaliteten på varene vi sender frå oss blir god. Samtidig er det faktisk slik, at storparten av plasten vi bruker er rein og tørr frå før. Å komme igang er enkelt.

DEN FØRSTE SEKKEN TIL GJENVINNING

Ordførar i Ålesund kommune og leiar i representantskapet i ÅRIM, Bjørn Tømmerdal, markerte plastinnsamlinga for opna ved å kaste sine egne godt fylte plastemballasjesekkar i renovasjonsbilen.

- Ingen kan seie at eg har vore blant dei mest miljøvennlege, innrømte ålesundsordføraren til forsamlinga. Men no forstår til og med eg at dette er eit viktig miljøtiltak, og eg har funne ut at plastinnsamling er meir lettvinnt enn eg først trudde.

Saman med Bjørn Sandnes, ordførar i Haram og medlem av representantskapet, sendte dei to ordførarane dei første plastsekkane frå ÅRIM til gjenvinning.



På bildet: Bjørn Sandnes, Haldor Lillebø, Øystein Solevåg og Bjørn Tømmerdal

Nytt liv til plasten du leverer

Frå du sorterer plasten til han er råvare til eit nytt produkt tek det mellom ein og seks månader. Det vil seie at sekkane Bjørn i Ålesund og Bjørn i Haram har sendt til gjenvinning no har fått nytt liv.

Plasten du leverer til gjenvinning har første stoppestad hos Norsk Gjenvinning i Ålesund før han blir sendt vidare for sortering. Plasten blir frakta i vogntog til Åndalsnes, derifrå går resten av ferda på jernbane. Reisa går så til dei sorteringsanlegga Grønt Punkt har avtale med i Sverige og Tyskland. Tida det tek for plasten er del av eit nytt produkt avheng blant anna av kor lenge plasten blir lagra lokalt, lagring før og etter sortering, og kvar han skal sendast til materialgjenvinning.

Frå oppstart i oktober fram til årsskiftet, sendte ÅRIM fem forsendingar på tilsaman 83,86 tonn plastemballasje til sortering. Fire av lassa gjekk til GAR i Tyskland og eit lass til Swerec i Sverige. ÅRIM forventar ei betrakteleg auka tonnasje i åra framover.

Heile landet sendte ca 27 000 tonn til sortering i 2011. Av dette vart ca 25 000 tonn behandla i sorteringsanlegga (øvrige til lager) og 83,4% sortert ut i 6 – 7 ulike underplasttyper. Disse underplasttypene blir vidare sendt til ulike materialgjenvinnarar som har spesialisert seg på å gjenvinne dei ulike plasttypene.

- Ca 80% av innsamla plastemballasje vart materialgjenvunne i 2011.
- Over 75% av transporten frå norske kommunar til sorteringsanlegga går på tog
- Over 87% av innbyggjarane i Noreg hadde eit tilbod om kjeldesortering av plastemballasje ved utgangen av 2011

Kjelde: Grønt Punkt

Likt tenestetilbod til alle i Ålesundregionen

ÅRIM har hatt ansvaret for renovasjonen i dei tolv eigarkommunane sidan 31. mai 2011 og med full oppstart av tenestetilbodet frå 10. oktober. Vi er altså framleis i det første driftsåret, eit år som vil gi oss reell kunnskap om behova, det faktiske kostnadsbildet og arbeidet som ligg framfor oss.

FØRSTE DRIFTSÅRET GIR MEIR KUNNSKAP

Året vi har bak oss har vore prega av høg aktivitet både for styret og administrasjonen. At store delar av styret har vore med sidan oppstart, har gitt god kontinuitet og sikra oppbygging av kompetanse innan fagområda ÅRIM opererer i. Styrearbeidet gjennom året har bore preg av at selskapet framleis er i ei oppstartsfase. Mykje har falt på plass, men at styret engasjerer seg aktivt i drifta av selskapet også i året som kjem, er vi førebudde på.

For administrasjonen har kvardagen handla mykje om å byggje opp, leggje til rette for, og følgje opp det nye tenestetilbodet som ÅRIM har innført. Plastinnsamlinga har naturleg nok fått stor fokus og selskapet har opplevd responsen som svært god både hos innbyggjarane og i media. Innbyggjarane er godt i gang med plastinnsamlinga, men administrasjonen er innstilt på eit langsiktig arbeid for å oppnå mengda og kvaliteten ÅRIM har målsetjingar om. Med tre tilsette gjennom oppstartsåret har arbeidsmengda vore omfattande, og det er tydelig at det var riktig å gjere selskapet sterkare rusta til å ta hand om oppgåvene selskapet er sett til å utføre, med tre nye tilsette frå årsskiftet.

SAMORDNING AV TENESTETILBODET

For å få stordriftsfordelar er det vesentleg å få på plass ein meir heilheitleg plan i regionen. ÅRIM arbeider for å vidareutvikle renovasjonsordninga som fungerer under svært ulike forutsetningar for transport, logistikk og informasjon på Ona, i Geiranger og i Ålesund sentrum. Målet med samordninga av tilbodet er å gjere avfallshandteringa i regionen meir miljøvennleg, mest

mogleg kostnadseffektiv, og at brukarane opplever tenestetilbodet som godt tilrettelagt.

Eit verktøy på vegen dit, er å få på plass eit felles regelverk som grunnlag for kontraktar, oppfølging og informasjonsaktivitetar. ÅRIM er godt igong med dette og samarbeider med dei renovasjonstilsette i kommunane for å tilegne seg informasjon og sikre god forankring.

For å oppnå god samordning må vi også sjå på miljøstasjonane, som er ein viktig del av renovasjonstilbodet til abonnentane. Vi må vurdere heile tenestetilbodet under eitt. I dag er det kommunane som har ansvaret, og tilbodet abonnentane har er ulikt. Det er viktig både for kommunane, ÅRIM og dei tilsette på miljøstasjonane å få definert kva rolle og ansvar ÅRIM skal ha i forhold til miljøstasjonane i tida framover.

ÅRIM TEK OVER FLEIRE OPPGÅVER

Året vi har bak oss kan vi kalle ei overlappingsfase, der kommunane har utført oppgåver parallelt med at ÅRIM tek over dei. Delar av dei planlagte stordriftsfordelane er difor framleis litt i vente. Det har vore viktig å overføre kunnskap, informasjon og rutiner, her har kommunane vist god vilje til å samarbeide. ÅRIM har også trengt tid på å definere korleis oppgåvene vi har ansvar for skal løysast i framtida på ein mest mogleg miljø- og kostnadseffektiv måte. At organisasjonen tidlegare var noko knapp har også begrensa kva omfang av oppgåver selskapet har kunna tatt hand om.



“ Målet med samordninga er å gjere avfallshandteringa i regionen meir miljøvennleg, mest mogleg kostnadseffektiv, og at brukarane opplever tenestetilbodet som godt tilrettelagt ”

No som ÅRIM trinnvis tek over fleire oppgåver, kan kommunane i større grad sleppe taket og dermed få frigitt ressursar. Kommunane går over frå å vere utførarar til å vere eigarar. Ressursane som er brukt til renovasjon skal fasast ut av kommunane sine egne organisasjonar, slik hensikten med ÅRIM også var. At denne overgangen går steg for steg er hensiktsmessig for både eigarane, selskapet og abonnentane. For å på samme tid styrke samarbeidet med kommunane, vil ÅRIM arbeide for å samordne aktivitetane til selskapet betre til budsjettprosessane i kommunane.

STYRINGSSIGNAL FOR VIDARE SELSKAPSUTVIKLING

Tydelege og eintydige signal frå kommunane er sentralt for å leie selskapet i ønska retning. Det er difor viktig at kommunestyra brukar kanalen dei har til å påverke, gjennom sin eller sine medlemmer i representantskapet. Representantskapet er ÅRIM sitt høgste

organ. Med omfattande mengder informasjon frå ÅRIM, ofte med høg detaljgrad, er det også viktig med god gjensidig informasjonsflyt mellom representantskapsmedlem og kommune.

Oppgåvene ÅRIM utfører og vidare utvikling av selskapet byggjer på selskapsavtalen som kommunestyra i dei tolv kommunane har vedteke. Selskapsavtalen gir ei tydeleg bestilling frå kommunane på miljøvennleg avfallshandtering, aktivt informasjonsarbeid, og at ÅRIM skal vere eit rådgjevande organ og kompetansesenter for kommunane. Dette er ambisiøse målsetjingar som vi arbeider for å nå.



TRENDAR OG UTVIKLINGSTREKK I AVFALLSSEKTOREN:

Betre handtering av ressursane blir avgjerande for framtida

Med auka vekst og velstand i store delar av verda aukar etterspurnaden på råvarene. Auka etterspurnad gir igjen dyrare mat, metall og energi. Auka gjenvinning blir difor stadig meir aktuelt, både for å forvalte naturressursane godt og bidra til å hindre unødig prisauke på råvarene.

AVFALLET BLIR EI ATTRAKTIV VARE

Opprinneleg var avfallshandtering eit tiltak for å forebygge sjukdom. Det viktigaste tiltaket var då å fjerne avfallet frå dei områda der folk budde og få det plassert på deponi. I dag blir nesten alt avfall til råvarer for produksjon av nye varer eller av energi, såkalla sekundære råvarer. Det gamle slagordet om at "avfall er ressursar på avvege" er difor fortsatt like treffande. Felles for dei fleste materialtypar vi finn i avfallet, er at å produsere nye varer frå brukte material gir lågare miljøbelastning enn produksjon frå «jomfrueleg», altså nytt material.

Mesteparten av avfallet som oppstår i Noreg i dag blir no foredla til nye råvarer. Råvaremarknadane er globale, dette gjeld også for råvarer basert på avfall, som skrapjern, returpapir og plast. Avfallet blir produsert lokalt, men marknadene finst både nasjonalt og internasjonalt. Handel med gjenvunne råvarer over landegrensane har vore viktig i mange år, og han aukar. Ei god utnytting av ressursane krev omsetjing på ein større marknad.

Det er store økonomiske og miljømessige verdiar i den utnyttinga av ressursane som skjer i dette industrielle krinssløpet. Når industrien nyttar råvarer basert på avfall, gir det ein "vinn-vinn" situasjon både bedrifts-

økonomisk og miljømessig. Vareproduserande industri nyttar færre nye ressursar og mindre energi enn om dei måtte nytta nye råvarer. Miljøpåverknaden, ikkje minst når det gjeld klimagassutslepp, ved produksjon av nye produkt blir dermed kraftig redusert. I tillegg blir det mindre press på avgrensa globale råvarereservar.

Utfordringa for oss som samlar inn hushaldsavfall blir å kunne levere råvarer til rett kvalitet i denne marknaden. Her må vi spele på lag med hushalda. Innføring av tilbod som større papirdunk og sekk for plastemballasje er døme på tiltak som gir råvarer med høgare kvalitet.

ARBEIDSKRAFT BLIR EI MANGELVARE

Sjølv om vi på kort sikt kan få ei auke i arbeidsløysa på grunn av internasjonale konjunkturar, står Noreg på lengre sikt, som resten av den vestlege verda, overfor store utfordringar med å sikre tilstrekkeleg arbeidskraft. Allereie i dag er det utfordringar knytt til rekruttering av sjåførar.

Auka løn eller arbeidsinnvandring vil på sikt ikkje vere noko som løyser utfordringane i vår sektor. For oss som bransje blir det difor viktig å effektivisere, kvar enkelt tilsett må samle inn større mengder avfall.

For å samstundes kunne løyse helse-, miljø- og tryggleiksutfordringane vi har i avfallsinnsamlinga, må denne effektiviseringa i hovudsak skje ved å etablere nye innsamlingsløysingar som krev mindre manuelt arbeid og meir bruk av teknologi og maskinelt utstyr. Eit godt døme på at denne effektiviseringa er i gang i bransjen, er etableringa av nedgravne avfallsløysingar; det å samle avfall i færre og større einingar. ÅRIM sitt arbeid for å etablere nye og meir effektive innsamlingsssystem for avfall vil også redusere fare for brann, og gi betre trafikktryggleik og universell utforming.

VI ARBEIDER FOR Å UTNYTTE VERDIEN I AVFALLET

Avfallshandteringa til ÅRIM handlar med andre ord om eit større bilde enn Ålesundregionen, noko som vil bli tydelegare i åra framover. ÅRIM er, saman med andre som arbeider med gjenvinning og avfallshandtering, brikkar i ein verdsmarknad som er i endring og rask utvikling. Vi må tenke globalt og handle lokalt.

Finst det eit liv etter dette?



Gjer plastsekken din klar for henting

Plast og papir blir henta av samme bil på samme dag, kvar fjerde veke. Hentedag finn du i renovasjonskalenderen for din kommune.

Bli med å gjere ein innsats for miljøet!

Visste du at ...



Ved å gjenvinne 100 grandiosaesker sparer vi like mykje energi som ved å bruke ein tørketrommel i 12 timar.

Alle drikkekartongane vi gjenvinn kvart år tilsvarer 140 000 tre!



Medaljane i OL i Vancouver brukte metall frå gjenvunne elektronisk avfall?



Metallemballasjen som blir gjenvunne i Noreg kvart år tilsvarer vekta av eit middels stort hurtigruteskip.



325 bruskkorkar kan bli ein elevstol?

Ved å gjenvinne 1 kilo plast sparer vi så mykje som 2 kg olje!



I eitt tonn gullmalm fins det omlag 5 gram gull, medan det i eitt tonn med kretskort kan vere opptil 250 gram gull?



Vi kan lage 300 000 sykklar av metallemballasjen som blir gjenvunne i Noreg kvart år!









Visste du at 8 PET plastflasker = ei fotballdrakt?

RENOVASJONSTILBODET

Kva kostar tenestene frå ÅRIM, og kva inkluderer dei?

Renovasjonsgebyret abonnenten får er samansett av to delar. Ein del som er ÅRIM sine kostnader for tenestene selskapet leverer. Den andre delen er den enkelte kommune sine kostnader. Kva får abonnenten eigentleg for kronene han betaler ÅRIM i 2012?

INNSAMLING AV AVFALL	BEHANDLING AV AVFALL	ADMINISTRASJON
 <p>ÅRIM hentar restavfallet kvar veke hos abonnenten.</p>	 <p>Restavfallet går til varme-gjenvinning. 5 av kommunane har no avtale gjennom ÅRIM.</p>	<p>DAGLEG DRIFT</p> <ul style="list-style-type: none"> Dagleg ansvar for at renovasjonen til nesten 40 000 abonnentar fungerer Utvikling av tenestetilbodet. Samarbeid med eigarkommunane Utarbeing av anbod og avtalar Oppfølging av tenesteleverandørar Organisering av oppgåver Innkjøp av dunkar, lager Tømming og reinhald av ubemanna miljøstasjonar Strategi og kompetanseutvikling <p>ØKONOMISTYRING</p> <ul style="list-style-type: none"> Utarbeing av budsjett Økonomiplan Rekneskap Fakturagrunnlag til kommunane <p>INFORMASJON</p> <ul style="list-style-type: none"> Kommunikasjonsstrategi Utvikling og distribusjon av informasjonsmateriell Informasjon om tenestetilbodet Web, trykksaker, mediekontakt <p>KUNDEKONTAKT</p> <ul style="list-style-type: none"> Kundehenvendelsar Abonnementsregister Oppretting og endringar av avtalar Oppfølging av abonnentar Handtering av klager Overvåking og handtering av avvik
 <p>ÅRIM hentar papir og plastemballasje kvar fjerde veke.</p>	 <p>Plast og papir blir sortert. Papir og plast blir sendt til materialgjenvinning.</p>	
<p>MILJØSTASJON</p> <p>SKO OG KLEDE GLAS OG METALL</p> <p>Abonnenten kan levere sko og klede, glas og metall til ÅRIM.</p>	 <p>Sko og klede blir gjenbrukt. Glas og metall blir materialgjenvunne.</p>	



Energigjenvinning kjem i tillegg for alle kommunar. For kommunar som har avtale gjennom ÅRIM er pris for energigjenvinning kr 455 pr abonnement (140 l dunk)

Kommunar som har avtale med Tafjord Kraftvarme gjennom ÅRIM: Giske, Sandøy, Vestnes, Stordal og Norddal
Kommunar som ikkje har avtale gjennom ÅRIM: Haram, Skodje, Sula, Sykkylven, Stranda, Ørskog og Ålesund

RENOVASJONSTILBODET

Oppgaver kommunane framleis har ansvar for i 2012

BEMANNA MILJØSTASJONAR	OPPGÅVER I KOMMUNANE	TENESTER OG AVTALAR																								
<p>MILJØSTASJONAR</p> <p>Dei bemanna miljøstasjonane i regionen er det kommunane sjølve som driftar og organiserer. Kostnadane den enkelte kommune har til drift og bruk av egne eller andre kommunar sine miljøstasjonar, gir ein kostnad på renovasjonsgebyret til abonnentane. Likeeins er det for kommunar som tilbyr abonnentane fri bruk av miljøstasjon.</p> <p>I 2012 har ikkje ÅRIM noko ansvarsforhold til dei ti miljøstasjonane: Bingsa, Breivika, Gjesundneset, Djupøyna/Kalvegjerdet, Jarnes, Kjølen, Nøsa, Sjøholtstrand, Øveråsli, Vinjesanden.</p> <p>Kva rolle og ansvarsforhold ÅRIM vil ha til miljøstasjonane i framtida, vil bli vurdert og arbeidd med etter eventuelt vedtak frå representantskapet.</p>	<p>PERSONELL</p> <p>Dei fleste kommunane har eige personell som utfører oppgaver knytt til renovasjon, dette gjeld både innanfor drift og administrasjon.</p> <p>EIGNE TENESTER OG TILBOD</p> <p>Nokre kommunar har egne tilbud innan avfallshandtering til abonnentane. Døme på dette er innsamling av grovavfall (storboss), hageavfall, Rusken- eller farleg avfallaksjonar.</p> <p>FAKTURERING</p> <p>Kommunane har ansvaret for å fakturere abonnentane.</p> <p>ANDRE OPPGÅVER</p> <p>Kommunane kan og ha andre renovasjonsoppgaver som ikkje blir nemnt her.</p>	<p>AVTALE OM FORBRENNING</p> <p>Dei åtte kommunane som har egne avtaler med Tafjord Kraftvarme har denne kostnaden oppå ÅRIM sitt gebyr.</p>  <p>TILLEGGSTENESTER FRÅ ÅRIM</p> <p>Inntil felles forskrift er på plass, utfører ÅRIM tenester etter renovasjonforeskrifta i kvar kommune. Kommunestyra kan og be ÅRIM utføre tilleggstenester mot ein kostnad.</p>  <p>Henting av dunk ved husvegg, altså fri henteavstand er døme på dette.</p>																								
KOMMUNANE SINE GEBYR I 2012:	<table><tr><td>Giske</td><td>2 300</td></tr><tr><td>Haram</td><td>2 536</td></tr><tr><td>Norrdal</td><td>2 838</td></tr><tr><td>Sandøy</td><td>1 889</td></tr><tr><td>Skodje</td><td>2 313</td></tr><tr><td>Stordal</td><td>2 619</td></tr></table>	Giske	2 300	Haram	2 536	Norrdal	2 838	Sandøy	1 889	Skodje	2 313	Stordal	2 619	<table><tr><td>Stranda</td><td>3 479</td></tr><tr><td>Sula</td><td>3 009</td></tr><tr><td>Sykkylven</td><td>3 404</td></tr><tr><td>Vestnes</td><td>2 650</td></tr><tr><td>Ørskog</td><td>uavklart</td></tr><tr><td>Ålesund</td><td>2 131</td></tr></table>	Stranda	3 479	Sula	3 009	Sykkylven	3 404	Vestnes	2 650	Ørskog	uavklart	Ålesund	2 131
Giske	2 300																									
Haram	2 536																									
Norrdal	2 838																									
Sandøy	1 889																									
Skodje	2 313																									
Stordal	2 619																									
Stranda	3 479																									
Sula	3 009																									
Sykkylven	3 404																									
Vestnes	2 650																									
Ørskog	uavklart																									
Ålesund	2 131																									

LIK PRIS FOR LIK TENESTE

Tenestetilboda i kommunane har tidlegare vore noko ulike. ÅRIM arbeider for å gi eit likt tenestetilbod i regionen, og fakturerer dei tolv eigarkommunane lik pris for lik teneste. Det vanligaste abonnemtet er som forklart på side 13.

FORKLARING PÅ PRISAR:

Pris pr abonnement, som vist på side 13, er henta frå årsbudsjett for 2012. For meir detaljert informasjon om budsjettet, ta kontakt med ÅRIM. Pris frå ÅRIM tek utgangspunkt i eit standardabonnement frå ÅRIM. Det finst fleire abonnemestypar med andre prisar. Alle prisar er eks mva.

SLAM:

ÅRIM arbeider med konkurransegrunnlag for anbod på slam. Det vil vere klart kven som blir tenesteleverandør hausten 2012.

HYTTERENOVASJON:

Nokre av kommunane har avtale om hytterrenovasjon. Tenesta frå ÅRIM blir utført i samsvar med renovasjonsforeskrifta i kvar kommune.

Sjølvkost - det tenesta faktisk kostar

Prisen på renovasjonstjenesta blir berekna etter reglane for sjølvkost. Sjølvkost er den meirkostnaden som kommunane blir påførte ved å produsere ei bestemt vare eller teneste.

Verken kommunane eller ÅRIM skal ha overskot på hushaldsrenovasjonen. Dette betyr at kommuna ikkje kan krevje meir i betaling enn det faktisk kostar å tilby tenesta.

Sjølvkosten skal budsjetterast og gi grunnlag for gebyret. I samband med rekneskapen skal det gjerast ei etterkalkyle. Eit eventuelt over- eller underskot skal setjast på sjølvkostfond. Overskot/underskot for sjølvkosttjenesta kan framførast til eit seinare år (3-5 år) for å få stabile gebyr. Om ein har næringsavfall må kostnadene fordelast mellom hushald og næring. Innanfor avfallsområdet er det eit lovmessig krav om at sjølvkost skal leggje grunnlaget for innbyggjarane si brukarbetaling.

Forurensningsloven § 34 bestemmer at kommunane skal fastsetje gebyr til dekking av kostnadar som er forbunde med avfallssektoren, herunder innsamling, transport, mottak, oppbevaring, behandling, etterkontroll og så vidare.

Brukarbetaling skal dekke dei totale kostnadane ved å produsere tenesta. Klima- og forurensningsdirektoratet (KLIF) har utarbeidd egne retningslinjer, blant anna for korleis kommunane kan differensiere avfallsgebyra. KLIF sine retningslinjer supplerer retningslinjene frå Kommunal- og regionaldepartementet. Sjølvkost for produkt eller tenester omfattar alle dei indirekte- og direkte kostnadane som er forbunde med å selje og produsere produktet.

Med tolv kommunar betyr dette, i tillegg til andre faktorar, at ein del kostnadar blir meir synlege i ÅRIM sitt sjølvkostgrunnlag. Til dømes har ikkje stillingsbrøkar under 20 % vore med i kommunane sine sjølvkostgrunnlag tidlegare. Når renovasjonstenestene no er samla hos eit selskap, er det sannsynleg at det samla kostnadsbildet er riktigare enn før.

Kostnader som ikkje skal vere med i berekninga av sjølvkost:

- Løn og utgifter til representantskapet

God eigarstyring gjennom representantskapet

Interkommunalt samarbeid er ein god og effektiv måte å organisere tenester på innanfor ein del område. Renovasjon er eit døme på dette. Å løyse kommunale oppgåver innanfor ein slik modell gir kommunen andre rammer for medbestemningsrett enn når kommunen utfører dei i eigen regi. Den tradisjonelle forvaltingsstyringa blir erstatta av eigarstyring. Politiske føringar frå kommunane er mogleg gjennom representantskapet, som er ÅRIM sitt øvste styringsorgan.

IKS SOM SELSKAPSFORM

Interkommunalt selskap (IKS) er ei organisasjonsform for selskap innan offentlig sektor der fleire kommunar er eigarar. Interkommunale selskap er eigne rettssubjekt, som både rettsleg og økonomisk er skilde frå deltakarkommunane. Det er selskapet sjølv som inngår og er part i avtalar og har partsstilling i rettsaker og overfor forvaltningsstyresmaktene.

Eit særtrekk ved interkommunale selskap er at kvar av deltakarane har eit uavgrensa ansvar for ein del av den samla skyldnaden i selskapet. Her skil dei interkommunale selskapa seg frå aksjeselskapa der deltakaransvaret er begrensa. Samanlagt skal ansvarspartane til deltakarane utgjere den samla skyldnaden til selskapet.

SELKAPSAVTALEN

ÅRIM har ein eigen selskapsavtale som er vedteken av kommunestyra i eigarkommunane. Avtalen forklarar kva som er føremålet med selskapet, og er eit av dei viktigaste styringsverktøya til ÅRIM. Eventuelle endringar i selskapsavtalen krev vedtak i alle dei tolv eigarkommunane.

REPRESENTANTSKAPET SI MYNDIGHEIT OG ROLLE

Kommunestyra har overført myndigheit til å utøve styringa til eigarorganet; representantskapet. Representantskapet er ÅRIM si øvste myndigheit og har dei nødvendige politiske fullmakter og rammebetingelsar til å utøve eigarskapet i tråd med dei politiske ambisjonane

fleirtalet i representantskapet har. Dette vil seie at kvar deltakarkommunane ikkje kan handheve eigarmynde direkte overfor styret eller administrasjonen i selskapet. Kvar eigarkommune gir sine styringssignalar til sin representant, og utøver slik eigarstyringa si gjennom dette organet.

Alle eigarkommunane har ein representant, bortsett frå Ålesund som har fem som følgje av folketal. Kommunestyra oppnevner sjølve sine representantar til representantskapet.

STYRET SI ROLLE

ÅRIM blir leia av styret som er valt av representantskapet. Styret står ansvarleg for forvaltninga av selskapet på vegne av deltakarkommunane. Styret skal drive selskapet i samsvar med lover og føresegnar, selskapsavtalen, økonomiplanen, årsbudsjettet i selskapet og andre vedtak fatta av representantskapet. Det er ansvarleg for at dei verdiar som deltakarane har i selskapet, blir brukte forsvarleg og i tråd med føremålet for selskapet.

ÅRIM har eit profesjonelt styre, samansett av personar med nødvendig erfaring, kunnskap og kompetanse for å etablere og styre denne type selskap. Styret arbeider for å ivareta bedrifta sine interesser på best mogleg måte. Styret er ansvarleg for å etablere og revidere strategien i selskapet, og leggje denne fram for representantskapet til godkjenning.



MEDLEMMER I REPRESENTANTSKAPET I 2012

GISKE	Olav Sindre Roald
HARAM	Bjørn Sandnes
NORDDAL	Bjørn Inge Ruset
SANDØY	Hans Endre Sæterøy
SKODJE	Terje Vadset
STORDAL	Charles Tøsse
STRANDA	Jan Ove Tryggestad
SULA	Geir Ove Vegsund
SYKKYLVEN	Petter Lyshol
VESTNES	Geir Inge Lien
ØRSKOG	Thorbjørn Fylling
ÅLESUND	Trond Herje
	Haldor Sæther
	Monica Molvær
	Knut M. Fylling
	Anne Kristin Bryne

Styret er underlagt representantskapet, og fyl vedtak og retningslinjer som dette organet fastset.

DAGLEG LEIAR SI ROLLE

Dagleg leiar er ansvarleg for den daglege drifta. Han er underlagt styret og er den øvste administrative leiaren i verksemda. Dagleg leiar styrer verksemda i tråd med vedteken selskapsavtale, økonomiplan, årsbudsjett, og andre vedtak frå styret og representantskapet.

EIGARSKAPSMELDINGAR I KOMMUNANE

Eigarskapsmeldingar i kommunane gir ÅRIM overordna styringssignalar mellom anna knytt til politiske målsetjingar og miljø, og tydeleggjer kommunane sine ambisjonar for selskapet. Eigarskapsmeldingane vil ikkje kunne detaljstyre selskapet, men er med på å sikre samhandling og kommunikasjon mellom kommunestyre, representantskap, styre, administrasjon og omverda.

SELSKAPET SITT FØREMÅL

Ålesundregionen Interkommunale Miljøsekskap IKS (ÅRIM) er eit avfallsselskap eigd av kommunane Giske, Haram, Skodje, Sula, Ørskog, Ålesund, Vestnes, Sandøy, Stordal, Norddal, Stranda og Sykkylven. Eigarane heftar for disposisjonane til selskapet i forhold til innbyggjar-talet i kvar kommune. Selskapet sin administrasjon ligg i Ålesund kommune.

Ålesundregionen Interkommunale Miljøsekskap IKS utfører dei lovpålagte oppgåver medlemskommunane har innan innsamling, gjenvinning og behandling av avfall og slam i samsvar med sentrale og lokale miljømål. Selskapet gir tilbod om innsamling, gjenvinning og behandling av næringsavfall der selskapet finn dette miljømessig ønskjeleg og økonomisk forsvarleg.

Selskapet legg vekt på miljøvennleg drift i alle ledd i avfallsbehandlninga. Selskapet avgjer i kva grad drifta skal skje ved bruk av eigne anlegg, utstyr og mannskap, eller ved avtalar med medlemskommunane, andre selskap eller private næringsdrivande. Selskapet er eit rådgivande organ og kompetansesenter for medlemskommunane, og driv eit aktivt informasjonsarbeid for å auke innbyggjarane sin kunnskap om avfallsreduksjon og miljøvennleg avfallsbehandling.

DRIFTSAKTIVITET

Selskapet overtok frå 31. mai 2011 ansvaret for innsamling av hushaldsavfall i eigarkommunane. Frå 10. oktober starta selskapet opp nytt tenestetilbod, då fekk abonnentane i alle eigarkommunane tilbod om henting av plastemballasje, noko som har vore eit miljøløft for Ålesundregionen. Frå hausten 2011 overtok ÅRIM også ansvaret for handtering av papir frå alle kommunane og handtering av restavfall frå nokre av kommunane. Internt i selskapet har det blitt arbeidd med å få på plass rutiner for handtering av abonnentskontakt, til dømes

klager på renovasjon og skifte av dunkar og anna utstyr. Arbeidet med å få på plass store nye innkjøpsavtalar har vore krevjande for selskapet, mellom anna med klagebehandling i Klagenemnda for offentlige anskaffelser (KOFA).

RESULTAT OG UTVIKLING

Selskapet hadde totalt inntekter på 34 549 523 kroner i 2011 mot 3 300 000 kroner i 2010. Av dette kom 34 193 589 kroner frå tenester som blei levert til eigarkommunane. Driftskostnadane for året var 29 577 163 kroner, mot 2 628 651 kroner i 2010. Varekost (innsamling, gjenvinning, sluttbehandling og materiell) var på 29 575 163 kroner. Kostnadane til løn og honorar var 2 749 202 kroner, mot 1 778 616 kroner i 2010. Finanspostane var på 338 527 kroner. Dette gir eit resultat på 5 310 887 kroner, mot resultatet på 709 616 kroner i 2010. Budsjettert resultat var på 2 512 312 kroner. Resultatendringa i forhold til budsjett skuldast i hovudsak at selskapet hadde lågare kostnader til administrasjon og drift enn forventa.

Selskapet investerte for totalt 933 435 kroner i 2011. Det vart investert i fagsystem for renovasjon og slam, kontorinventar, websider og bilprofilering. Det er tatt opp eit lån for å finansiere fagsystemet.

FINANSIELL RISIKO

Den finansielle risikoen som følgje av renteendringar er lav. Eigenkapitalen og likviditeten i selskapet har blitt forbetra i løpet av året. Eigenkapitalen og likviditeten i selskapet er tilfredstillande til å handtere dei oppgåvene selskapet utfører. Eigenkapitalen og likviditeten i selskapet er ikkje stor nok til å kunne handtere større negative sjølvkostfond. Sidan kostnadane til eigarkommunane vil vere baserte på sjølvkost, vil risikoen knytt til framtidige resultat i ÅRIM vere liten.

FORSKINGS- OG UTVIKLINGSAKTIVITETAR

Som eit kompetansesenter må ÅRIM kontinuerleg leite etter, og prøve ut løysingar som kan gi innbyggjarane eit betre renovasjonstilbod og miljømessig betre løysingar. ÅRIM, som medlem i Avfall Norge, har fortløpande vurdert om vi skal gå inn i forskings- og utviklingsprosjekt i regi av denne organisasjonen, og i regi av Avfallsforsk. Avfallsforsk er oppretta for å fremje meir kunnskapsbasert praksis ved val av avfallsløysingar i Noreg. Avfallskonferansen 2013, ein årleg konferanse i regi av Avfall Norge med om lag 800 deltakarar, skal arrangerast i Ålesund 4. – 6. juni 2013, og ÅRIM er aktivt med i planleggingsarbeidet for konferansen.

YTRE MILJØ

Selskapet arbeider systematisk for å redusere miljøbelastninga på tre felt:

1. Ved å gi innbyggjarane i Ålesundregionen eit best mogleg tilbod, for dermed å auke mengdene avfall som går til gjenvinning.
2. Ved å stille strenge krav til leverandørane om å ta miljøomsyn ved gjennomføringar av aktivitetar for ÅRIM.
3. Ved å arbeide for å redusere miljøbelastninga av administrasjonen og drifta av selskapet sjølv. I drifta av selskapet i 2011 er det innsamlingsarbeidet samt gjenvinning av restavfall som har hatt størst negativ miljøverknad.

ARBEIDSMILJØ OG VERNEARBEID

Selskapet har knytt seg til ei verne- og helseteneste.

Ved utgangen av 2011 blir arbeidsmiljøet vurdert som tilfredsstillande. Selskapet flytta inn i nye kontorlokale i starten av 2011. Det er ikkje registrert skadar eller ulykker, verken personskadar eller materielle skadar.

PERSONAL

Ved utgangen av 2011 var det fire tilsette i selskapet, to menn og to kvinner. Totalt hadde selskapet 3,08 årsverk i 2011. Driftsleiar vart tilsett etter årsskiftet, ein person til byrjar i andre kvartal 2012.

Sjukefråværet i 2011 var fire arbeidsdagar, eit fråvær på 0,5 prosent.

LIKESTILLING

Kjønnsfordelinga i selskapet sitt styre er etter IKS-lova sitt krav oppfylt, 42,8 % av dei faste medlemmene er kvinner. Selskapet sin personalpolitikk er kjønnsnøytral. Ved utlysing av nye stillingar har styret brukt tilrådde formuleringar frå Likestillings- og diskrimineringsombodet: "ÅRIM er oppteke av mangfald, og vi ønskjer å spegle mangfaldet i samfunnet. Vi oppmodar difor kvalifiserte personar til å søke, uansett alder, kjønn, funksjonsevne eller kulturell bakgrunn." Det er ikkje planlagt eller iverksett ytterlegare tiltak for å fremje likestilling og for å hindre forskjellsbehandling i strid med lov om likestilling.

FRAMTIDSUTSIKTER

Utviklinga i inntekter og kostnader framover er påverka av fleire faktorar. Det som er utanfor ÅRIM sin kontroll er mellom anna prisar på råvarer som restavfall, papir, papp, plast, glas og metall. Utviklinga i innsamlingskostnaden styrast av kostnadsutviklinga i transportindeks for toaksla renovasjonsbil.

Etter styret si vurdering gir det framlagde resultatrekneskapet og balanse med notar eit riktig bilete av verksemda sitt resultat for 2011, og den økonomiske stoda ved årsskiftet. Det har ikkje kome fram tilhøve eller hendingar etter avslutninga av rekneskapen som får innverknad på denne vurderinga. Styret stadfestar at føresetnadane for framleis drift av selskapet er til stades ved framlegging av årsrekneskapen.

REPRESENTANTSKAP OG STYRE

Representantskapet er selskapet sitt øvste organ. Totalt er det seksten medlemmer frå dei tolv eigarkommunane. Representantskapet hadde fire møte i 2011. Styret har ansvaret for organiseringa av selskapet si verksemd. Styret hadde femten møte i 2011. I tillegg hadde styret ei strategisamling i samband med eit av styremøta.

ÅRSRESULTAT OG DISPONERING

Resultatet på 5 310 887 kroner fordelast på 4 152 348 kroner på utjamningsfond (sjølvkostdelen av resultatet som skuldast hushaldrenovasjon og septik/slam) og 1 158 539 kroner på annan eigenkapital.

Ålesund 20. mars 2012



Linda Strand Kjerstad
(styreleiar)

Lars Kolbjørn Nogva
(nestleiar)


Lillian Flem Fylling

Elbjørg Gui Standal

Trond T. Lauritsen


Kjell Godø Dyb

Reidar Andresen


Linda Strand Kjerstad
(styreleiar)


Lars Kolbjørn Nogva
(nestleiar)


Lillian Flem Fylling


Elbjørg Gui Standal


Trond T. Lauritsen


Kjell Godø Dyb


Reidar Andresen


Øystein Peder Solevåg
(dagleg leiar)

DRIFTSINNEKTER OG DRIFTSKOSTNADER	Note	2011	2010
Driftsinntekter			
Driftsinntekter		34 549 523	3 300 000
Sum driftsinntekter		34 549 523	3 300 000
Driftskostnader			
Varekostnader		23 520 614	0
Lønningar, honorar, arbeidsgiveravgift	1	2 749 202	1 778 616
Avskrivningar	2	80 825	0
Andre kostnader		3 226 522	850 035
Sum driftskostnader		29 577 163	2 628 651
Driftsresultat		4 972 360	671 349
FINANSINNEKTER OG FINANSKOSTNADER			
Renteinntekter		338 589	38 417
Rentekostnader		62	150
ÅRSRESULTAT		5 310 887	709 616
Disponering av årets resultat:			
Overført til annan eigenkapital	6	1 158 539	709 616
Overført til utjamningsfond	6	4 152 348	

EIGEDLAR	Note	2011	2010
Anleggsmidler			
Driftsløsøre, inventar	2	852 610	0
Omløpsmidlar			
Fordringar:			
Kundefordringar	3	366 829	0
Tilgode meirverdiavgift		2 004 810	113 072
Andre kortsiktige fordringar		99 672	1 341
Sum fordringar		2 471 311	114 413
Bankinnskot	4	13 805 174	1 499 924
SUM EIGEDLAR		17 129 095	1 614 337
EIGENKAPITAL OG GJELD			
Eigenkapital			
Innskoten eigenkapital		500 000	500 000
Annan eigenkapital		1 388 867	230 328
Utjamningsfond		4 152 348	0
Sum eigenkapital	6	6 041 215	730 328
Gjeld			
Lån Kommunalbanken	5	407 335	0
Kortsiktig gjeld:			
Leverandørgjeld		5 056 933	45 907
Offentlege avgifter		206 193	139 407
Pådratte honorar og feriepengar		699 178	569 447
Anna kortsiktig gjeld		4 718 241	129 248
Sum kortsiktig gjeld		10 680 545	884 009
SUM EIGENKAPITAL OG GJELD		17 129 095	1 614 337

Ålesund 20. mars 2012

 Linda Strand Kjerstad (styreleiar)	 Lars Kolbjørn Nogva (nestleiar)	 Lillian Flem Fylling	 Elbjørg Gui Standal
 Trond T. Lauritsen	 Kjell Godø Dyb	 Reidar Andresen	 Øystein Peder Solevåg (dagleg leiar)

Årsrekneskapen er sett opp i samsvar med rekneskapslova og god rekneskapskikk.

Inntekter

Inntektsføring ved sal av varer skjer på leveringstidspunktet. Tenester blir inntektsført i takt med at dei blir utført.

Klassifisering og vurdering av balansepostar

Omløpsmiddel og kortsiktig gjeld omfattar postar som forfell til betaling innan eit år. Omløpsmiddel blir vurdert til lågaste av innkjøpskost og verkeleg verdi. Kortsiktig gjeld blir balanseført til nominelt beløp på etableringstidspunktet.

Varige driftsmidler

Varige driftsmidler blir balanseført og avskrive lineært over driftsmidla si forventa levetid. Vedlikehald av driftsmidler blir jamnt kostnadsført under driftskostnader.

NOTE 1 - LØNNKOSTNADER	2011	2010
Løn og feriepengar	1 746 208	852 139
Honorar til styret/representantskap	522 735	605 850
Arbeidsgivaravgift	344 658	213 272
Pensjon, gruppeliv og yrkesskade	114 806	107 355
Annan personalkostnad	20 795	0
Sum	2 749 202	1 778 616

YTINGAR TIL LEIANDE PERSONAR

	Dagleg leiar	Styreleiar	Styret	Representantskap
Løn/honorar	565 532	81 751	314 068	202 000
Ytingar til pensjonsordning	39 134			
Andre godtgjersle	6 548			
Sum	611 214	81 751	314 068	202 000

Dagleg leiar har inga etterlønsavtale utover oppseiingstid på 3 månader. Styreleiar har inga avtale om etterløn.

Verken dagleg leiar eller styreleiar har avtalar om bonusordning. Styreleiar har motteke 81 751 kroner i 2011. Av dette er 71 167 kroner styrehonorar og 10 584 kroner for ekstraordinært styrearbeid på oppdrag for styret. Selskapet har ikkje aksje- og opsjonsordning retta mot tilsette, det foreligg heller ikkje planar om dette.

I revisjonshonorar er det betalt 10 000 kroner eksklusiv mva. Honoraret gjeld fullt og heilt revisjon.

Selskapet hadde per. 31.12.2011 fire tilsette.

Det er etablert ei ytingsbasert pensjonsordning i KLP for alle tilsette. Pensjonsordninga tilfredstiller krava i lov om obligatorisk tenestepensjon.

Pensjonskostnader og pensjonsforpliktingar blir berekna etter lineær opptening. Pensjonspremien i år er 110 950 kroner.

NOTE 2 - ANLEGGSMIDLAR

	Bilprofilering	Inventar	Programvare	Websider	Sum
Innkjøpskost 1.1	-	-	-	-	-
Årets tilgang	124 291	193 340	448 414	167 390	933 435
Årets avgang	-	-	-	-	-
Akkumulert avskrivning	6 321	17 010	42 171	15 323	80 825
Bokført verdi	117 970	176 330	406 243	152 067	852 610
Årets avskrivning	6 321	17 010	42 171	15 323	80 825
Avskrivingsssats	20 %	20 %	20 %	20 %	

NOTE 3 - KUNDEFORDRINGAR

Kundefordringar gjeld fullt og heilt fordring på eigarar.

NOTE 4 - BANKINNSKOT

Herav bundne bankinnskot kr. 138.744,-

NOTE 5 - LANGSIKTIG GJELD

Kredittinstitusjon	Bruk	Lånetid	Låneramme	Rentesats	Lånesaldo
Kommunalbanken AS	Fagsystem	5 år	1 000 000	3,15 %	407 335

Lån er garantert av eigarkommunane i forhold til eigardel.

NOTE 6 - EIGENKAPITAL

	Innskoten eigenkapital	Annan eigenkapital	Utjamningsfond	Sum eigenkapital
Eigenkapital 1.1	500 000	230 328	-	730 328
Årets endring av eigenkapital	-	-	-	-
Årsresultat		1 158 539	4 152 348	5 310 887
Eigenkapital 31.12	500 000	1 388 867	4 152 348	6 041 215

INNSKOTEN EIGENKAPITAL FRÅ EIGARKOMMUNAR

	Innskoten eigenkapital	Eigardel
Giske	36 500	7,3 %
Haram	46 000	9,2 %
Skodje	20 000	4,0 %
Sula	41 000	8,2 %
Ørskog	11 500	2,3 %
Ålesund	224 000	44,8 %
Vestnes	34 500	6,9 %
Sandøy	7 000	1,4 %
Stordal	5 500	1,1 %
Norddal	9 500	1,9 %
Stranda	24 500	4,9 %
Sykkylven	40 000	8,0 %
	500 000	100 %

Eigarskapet til selskapet blir justert kvart fjerde år, første gong pr. 1.1.2012. Eigarforholdet blir justert i samsvar med SSB sin statistikk for folketal ved årsskiftet i eigarkommunane. Folketalet i kommunen i prosent av folketalet i alle eigarkommunane vil avgjer eigardelen. Endringa i eigarskap blir ikkje handtert som ei endring i selskapsavtalen.

Kommunane er ansvarlege for selskapet sine forpliktingar i forhold til eigardel.

Eigardel i ÅRIM	Folketal 1.1.2012	Eigardel t.o.m. 31.12.2011	Eigardel f.o.m. 1.1.2012
Ålesund	44 416	44,880 %	45,218 %
Ørskog	2 202	2,273 %	2,242 %
Norddal	1 738	1,889 %	1,769 %
Stranda	4 602	4,874 %	4,685 %
Stordal	1 026	1,050 %	1,045 %
Sykkylven	7 664	8,037 %	7,802 %
Skodje	4 184	4,023 %	4,260 %
Sula	8 256	8,181 %	8,405 %
Giske	7 312	7,271 %	7,444 %
Haram	8 973	9,245 %	9,135 %
Vestnes	6 539	6,903 %	6,657 %
Sandøy	1 315	1,374 %	1,339 %
Sum	98 227	100 %	100 %

Alle kommuner er representert med minst eit medlem i representantskapet. Ved likt stemmetal har møteleiar dobbelstemme.

Fordeling av medlemmer i representantskap:

Del av folketal	Tal på medlemmer
under 10 %	1
10-20 %	2
20-30 %	3
30-40 %	4
40-100 %	5

Til representantskapet i
Ålesundregionen Interkommunale Miljøelskap IKS

MELDING FRÅ REVISOR

Fråsegn om årsrekneskapen

Vi har revidert årsrekneskapen for Ålesundregionen Interkommunale Miljøelskap IKS, som viser eit overskot på kr 5 310 887,-. Årsrekneskapen er samansett av balanse per 31. desember 2011 og resultatrekneskap for rekneskapsåret avslutta per denne dato, og ei beskriving av vesentlege rekneskapsprinsipp som er nytta, og andre noteopplysningar.

Styret og dagleg leiar sitt ansvar for årsrekneskapen

Styret og dagleg leiar er ansvarleg for å utarbeide årsrekneskapen og for at den gir eit dekanke bilete i samsvar med lov om interkommunale selskap, forskrift om årsbudsjett, årsrekneskap og årsmelding for interkommunale selskap og god kommunal rekneskapskikk, og for slik intern kontroll som styret og dagleg leiar finn nødvendig for å gjere det mogleg å utarbeide ein årsrekneskap som ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, korkje som følge av misleg framferd eller feil.

Revisors oppgåver og plikter

Oppgåva vår er, på grunnlag av revisjonen vår, å gi uttrykk for ei meining om denne årsrekneskapen. Vi har gjennomført revisjonen i samsvar med lov, forskrift og god kommunal revisjonsskikk i Noreg, medrekna International Standards on Auditing. Revisjonsstandardane krev at vi etterlever etiske krav og planlegg og gjennomfører revisjonen for å oppnå tryggande sikkerheit for at årsrekneskapen ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon.

Ein revisjon inneber utføring av handlingar for å innhente revisjonsbevis for beløpa og opplysningane i årsrekneskapen. Dei valde handlingane avheng av revisors skjønn, mellom anna vurderinga av risikoane for at årsrekneskapen inneheld vesentleg feilinformasjon, anten det skuldast misleg framferd eller feil. Ved ei slik risikovurdering tar revisor omsyn til den interne kontrollen som er relevant for selskapet si utarbeiding av ein årsrekneskap som gir ei dekkande framstilling. Føremålet er å utforme revisjonshandlingar som er formålstenlege etter tilhøva, men ikkje å gi uttrykk for ei meining om effektiviteten av selskapet sin interne kontroll. Ein revisjon omfattar også ei vurdering av om dei rekneskapsprinsippa som er nytta, er formålstenlege, og om rekneskapsestimata som er utarbeidde av leiinga er rimelege, samt ei vurdering av den samla presentasjonen av årsrekneskapen.

Vi meiner at innhenta revisjonsbevis er tilstrekkeleg og formålstenleg som grunnlag for konklusjonen vår.

Konklusjon

Vi meiner at årsrekneskapen er avgjeven i samsvar med lov og forskrifter og gir i det alt vesentlege ei dekkande framstilling av den finansielle stillinga til Ålesundregionen Interkommunale Miljøelskap IKS per 31. desember 2011 og av resultatet for rekneskapsåret som vart avslutta per denne datoen i samsvar med lov om interkommunale selskap, forskrift om årsbudsjett, årsrekneskap og årsmelding for interkommunale selskap og god kommunal rekneskapskikk i Noreg.

Postadresse Postboks 7734 Spjellavik	Besøksadresse Lerstadvegen 545, 4. etg.	Telefon 70 17 21 50	Telefaks 70 17 21 51	Bankkonto 8540 05 00465
6022 ALLSUND	E-postadresse komrev3@komrev3.no			Foretaksregisteret NO 571 562 587

Utsegn om andre tilhøve

Konklusjon om budsjett

Basert på revisjonen vår av årsrekneskapen slik den er skildra ovanfor, meiner vi at dei disposisjonar som ligg til grunn for rekneskapen er i samsvar med budsjettvedtak, og at beløpa i årsrekneskapen stemmer med regulert budsjett.

Konklusjon om årsmeldinga

Basert på revisjonen vår av årsrekneskapen slik den er skildra ovanfor, meiner vi at opplysningane i årsmeldinga om årsrekneskapen, og føresetnaden om at drifta skal halde fram er konsistente med årsrekneskapen og er i samsvar med lov og forskrifter.

Konklusjon om registrering og dokumentasjon

Basert på revisjonen vår av årsrekneskapen slik den er beskrevet ovanfor, og kontrollhandlingar vi har funne nødvendige etter internasjonal standard for attestasjonsoppdrag (ISAE) 3000 "Attestasjonsoppdrag som ikke er revisjon eller forenklet revisjon av historisk finansiell informasjon", meiner vi at leiinga har oppfylt plikta si til å sørje for ordentleg og oversiktleg registrering og dokumentasjon av selskapet sine rekneskapsopplysningar i samsvar med lov og god bokføringsskikk i Noreg.

Ålesund, 28. mars 2012


Kjell Bjørnsen
dagleg leiar


Knut G. Alnes
registrert revisor

	Rekneskap 2011	Budsjett 2011	Avvik	Rekneskap 2010
Sum inntekter	34 549 523	50 465 461	-15 915 938	3 300 000
Varekost	-23 520 614	-38 979 921	15 459 307	0
Administrasjon og driftskostnader:				
Personalkostnader	-2 749 203	-2 934 478	185 275	-1 778 616
Avskrivningar	-80 825	-457 500	376 675	0
Husleige- og kontorkostnader	-230 579	-249 800	19 221	-52 250
Kontorrekvisita og -utstyr	-172 795	-315 000	142 205	-133 393
Tenestehonorar (revisor, rekneskap, konsulentar, etc)	-935 153	-1 580 000	644 847	-162 873
Informasjon og marknadføring	-1 213 950	-2 093 000	879 050	-76 405
Møte og kurs	-215 564	-225 000	9 436	-103 167
Telefoni og datatenester	-64 435	-67 600	3 165	-17 108
Reisekostnader	-112 074	-185 000	72 926	-102 627
Kontigentar	-207 598	-180 000	-27 598	-125 612
Styremøte og representantskap	-28 240	-15 000	-13 240	0
Andre kostnader	-46 134	-649 000	602 866	-76 599
Sum administrasjon og driftskostnader	-6 056 549	-8 951 377	2 894 828	-2 628 651
Sum kostnader	-29 577 163	-47 931 298	18 354 135	-2 628 651
Finanspostar	338 527	-21 850	360 377	38 267
Resultat	5 310 887	2 512 312	2 798 575	709 616

I 2010 låg konsulentkostnader under andre kostnader. Dette er flytta til tenestehonorar i denne samanstillinga.

FORDELING AV EIGENKAPITALEN I ÅRIM PÅ EIGARKOMMUNANE

Eigarkommune	Folketal 1.1.2012	Eigardel f.o.m. 1.1.2012	Del av eigenkapital
Ålesund	44 416	45,218 %	2 731 699
Ørskog	2 202	2,242 %	135 429
Norddal	1 738	1,769 %	106 892
Stranda	4 602	4,685 %	283 035
Stordal	1 026	1,045 %	63 102
Sykkylven	7 664	7,802 %	471 356
Skodje	4 184	4,260 %	257 327
Sula	8 256	8,405 %	507 765
Giske	7 312	7,444 %	449 707
Haram	8 973	9,135 %	551 863
Vestnes	6 539	6,657 %	402 165
Sandøy	1 315	1,339 %	80 876
Sum	98 227	100 %	6 041 215

MEIR MILJØVENNLEG AVFALLSHANDTERING MED ÅRIM


ÅRIM arbeider for at innbyggjarane skal kjeldesortere meir av avfallet sitt. Det vil seie mindre til restavfall og meir til gjenbruk eller gjenvinning. For å oppnå dette må tenestetilbodet utviklast og tilretteleggjast, og abonnentane treng betre informasjon. Løysingane ÅRIM foreslår baserer seg på lokale og nasjonale målsetjingar.

LOKALT:

Dei fleste ÅRIM-kommunane har utarbeidd miljø- og klimaplanar. Desse er eit av fleire dokument vi ser til i arbeidet med å legge til rette for eit likt og betra tenestetilbod i kommunane. Planane gir oss eit kunnskapsgrunnlag i forhold til situasjonane og strategiane kvar kommune har når det gjeld miljø og renovasjon. Planane fortel og noko om kva utfordringane er og kva potensial kvar kommune meiner finst for betringar.

NASJONALT:

Utslepp av klimagassar frå avfallshandtering er ei utfordring, og styresmaktene arbeider med å effektivisere verkemiddelbruken og auke mengda avfall som går til material- og energigjenvinning. Avfallshierarkiet er ein modell som illustrerer prioriteringane i norsk avfallspolitik og EU sitt rammedirektiv for avfall. Hierarkiet seier noko om korleis vi bør handtere avfallet ut frå eit forbruks-, helse- og miljøperspektiv.




- 1. AVFALLSREDUKSJON**
Mål ein er å redusere avfallsmengda. Dagens mål er at veksten i avfallmengdene skal vere lavare enn den økonomiske veksten.
- 2. OMBRUK**
Mål to er å bruke ting om igjen framfor å kaste
- 3. MATERIALGJENVINNING**
Mål tre er at material som er brukt ein gong blir brukt på ny gjennom materialgjenvinning. Dette betyr meir avfall til gjenvinning.
- 4. ENERGIUTNYTTING**
Vi kan brenne avfall og utnytte varmen som energi
- 5. MINST MOGLEG AVFALL PÅ DEPONI (FYLLING).**
Frå 1 juli 2009 vart det forbod mot deponering av nedbrytbart avfall i Noreg.

UTVIKLING I MENGDE HUSHALDSAVFALL

Stolpediagrammet, tabell 1, syner utviklinga i hushalds-avfall i kilo for ein innbyggjar i ÅRIM-kommunane i perioden 2008-2011. Samla mengd hushalds-avfall i 2011 var nesten 41 000 tonn. Dei tre første åra er basert på tal frå Kostra, medan vi for 2011 har egne tal. Etter ein liten nedgang i 2009 fortset dessverre avfallsproduksjonen å auke. ÅRIM legg stor vekt på å auke mengda avfall som sorterast ut til material- og energigjenvinning. For å få ein best mogleg effekt av dette har vi i 2011 gjort fleire tiltak for å få eit meir samordna tenestetilbod i regionen. No har til dømes alle kommunar dunkrenovasjon. Det vil lette arbeidet med informasjonen og særlig innføringa av kjeldesortering av plast vil gi positive bidrag i åra framover.

Tabell 1




I 2011 kasta du 418 kilo og kjeldesorterte 158 kilo avfall

KOR MYKJE KJELDESORTERER VI AV KVAR FRAKSJON

I 2011 sorterte ein gjennomsnittleg innbyggjar i Ålesundregionen 158 kilo avfall til materialgjenvinning. Sirkeldiagrammet til høgre viser fordeliga av avfallsfraksjonane som er kjeldesortert. Ei betre sortering av avfallet så nær kjelda som mogleg, gir som resultat at ein større del av avfallet går til materialgjenvinning.

- 52 kg Papir, papp, kartong og drikkekartong
- 8 kg Glas
- 2 kg Plast
- 13 kg Metall
- 9 kg EE-avfall
- 45 kg Treavfall
- 19 kg Park- og hageavfall
- 3 kg Tekstilar
- 7 kg Farleg avfall



TABELL 2, AVFALL FRÅ HUSHALD, TAL I TONN	2008	2009	2010	2011	TYPE GJENVINNING	LEVERT TIL	BRUKT TIL
Papir, papp, drikkekartong	4 898	4 891	4 594	5 109	Material	Norsk Gjenvinning	Avispapir/emballasje
Glas	582	688	582	783	Material	Syklus	Emballasje/isolasjon
Plast	59	91	84	184	Material, energi	Grønt punkt	Plastprodukt
Metall	1 340	1 342	993	1 224	Material	Div. metallreturfirma	Metall
EE-avfall	555	760	627	856	Material	Renas/El-retur/ERP-Norway	Metall/energi/diverse
Treavfall	1 741	2 825	2 775	4 405	Energi	Forbrenningsanlegg	Fjernvarme/elektrisitet
Park- og hageavfall	2 969	2 023	2 467	1 895	Kompost	Eigenregi	Toppdekke deponi o.l.
Tekstilar	238	199	197	337	Ombruk/material	Fretext/UFF	Gjenbruk/isolasjon/tepper
Farleg avfall	206	416	611	676	Destruksjon/energi	Diverse firma	Energiproduksjon
Til materialgjenvinning totalt	12 588	13 235	12 930	15 469			
Restavfall til forbrenning	19 424	21 402	21 612	24 118	Energi	Tafjord Kraftvarme AS	Fjernvarme/elektrisitet
Til deponi, eksport o.l.	4 434	2 033	4 551	1 339	Deponi/energi	Eigenregi/forbrenningsanlegg	Deponi/energi
HUSHALDSAVFALL, TOTALT	36 446	36 670	39 093	40 926			

Tabell 2 viser endringane i dei ymse avfallsmengdene dei siste fire år samla for alle kommunane i regionen. Han viser også kva avfall som blir material- og energigjenvunne, og kva aktør som utfører arbeidet for den enkelte fraksjon. ÅRIM arbeider for at mest mogleg av avfallet går til ombruk eller materialgjenvinning. Det vil alle tene på, og aller mest klimaet. Det er og viktig å sette fokus på det farlege avfallet. Til betre ordningar vi har, dess meir av det farlege avfallet vil bli tatt vare på, og gå til rett behandling. Slik unngår vi òg å forureine dei andre fraksjonane.

KLIMAREKNESKAP I ÅRIM

ÅRIM stiller strenge miljøkrav ved innkjøp av produkt og tenester. Det er difor viktig å vere opne om kva utslepp det arbeidet vi sjølv gjer har å seie for klimaet, og kva tiltak vi vil sette i verk for å redusere verknadane i forhold til det ytre miljø. Selskapet har utarbeidd eit klimarekneskap for året som har gått. Her har vi tatt utgangspunkt i dei mengdene avfall som vi og samarbeidspartnarane våre har tatt hand om. Det er slik at sjølv om ein sparer mykje energi ved å gjenvinne til dømes plast, må ein også bruke ein god del energi, utstyr og

andre ressursar for å kjeldesortere, samle inn, sortere, transportere og bearbeide platen før gevinsten kan takast ut. Det gjeld også alle dei andre fraksjonane i avfallet. Figur under viser samla utslepp etter at miljøgevinsten er trekt frå. Det samla CO₂-utsleppet frå ÅRIM var på 5 915 tonn



CO₂-ekvivalentar. Vi reknar med at verknadane av plastinnsamlinga skal slå positivt ut med ein større gevinst i åra framover, som igjen gir eit betre resultat. Vi veit likevel at det er en lang veg å gå før vi blir klimanøytrale. Ein viktig føresetnad i dette arbeidet er den jobben alle abonnentane gjer med å sortere avfallet.

KOR STORT ER EIGENTLEG UTSLEPPET TIL ÅRIM?

Stiftelsen Østfoldforskning har gjort ei livsløps-studie på fleire avfallsfraksjonar for Avfall Norge der ÅRIM er medlem. Nokre av resultatane frå denne studien har vi brukt saman med tal frå andre studiar for å berekne dei totale klimapåverknadane frå alt det vi har gjort. Sjå illustrasjon under.

For å gi eit bilete av kor omfattande klimapåverknaden vår var i 2011, har vi rekna om og samanlikna det samla utsleppet vårt med utslepp frå privatbilar: Avfallshandteringa i ÅRIM slapp i 2011 ut like mange CO₂-ekvivalentar som tilsaman 1 463 privatbilistar gjorde gjennom eit heilt år.



FAME!
...I wanna live
forever...

SPIRDDESIGN



Vi vil ha plastemballasjen din

Du gjer ein viktig miljøinnsats når du sorterer plasten du har brukt. All rein og tørr plastemballasje kan gjenvinnast.

- Plastflasker og plastkanner
- Plastfolie
- Plastposar, kaffi- og potetgullposar
- Plastbeger og plastboksar
- Blomsterpotter og -brett i plast
- Plastbrett for matvarer.
- Plastemballasje for elektriske og elektroniske produkt



La oss gjenvinne meir



JA, det nyttar

ÅRSMELDING 2011



ÅRIM - Ålesundregionen interkommunale miljøselskap IKS.

Langelandsvegen 17 - 6010 Ålesund - post@arim.no - 70 16 71 80 - arim.no - org nr. 994 717 286